

Lina Håland har fått tilbod om å bli sokneprest i Sandnes.

24.05.2018



Sokneprest i Uskedal sokn, Lina Håland, har fått tilbodet om soknepreststillinga i Sandnes menighet. Motivet er frå ein av mange dåpssermoniar.

Lina Håland, sokneprest i Uskedalen, har søkt og fått tilbod om soknepreststillinga i Sandnes menighet. Det er Stavanger Aftenblad som melder dette på si nettavis i dag. Uskedalen.no ringjer Lina Håland og ynskjer henne til lukka med tilboden. Ho skal innan veke svara om ho takkar ja til stillinga. Det var tilSAMAN 5 SØKJARAR, TRE MENN OG TO KVINNER.

Lina Håland vart tilsett som sokneprest i Uskedal sokn i april 2014, 29 år gammal. Ho vart ordinert til prest i Husnes kyrkje 24. august og tok straks til i stillinga som den andre soknepresten i Uskedal sokn, etter at Ole Kristian With Due flytta Lina Håland var den fyrste kvinnlege soknepresten i Kvinnherad.

Lina Håland stadfestar overfor Uskedalen.no at ho har motteke dette tilboden. Det er stort for henne å bli synt tillit til denne stillinga i Sandnes kyrkje, den 5. største byen i landet. Ho vil truleg takka ja og er klar for oppstart i desember. Her vil ho saman med prosten i Sandnes ha ansvaret for alle kyrklelege handlingar i menigheten. Til kyrkja høyrer også kateket, trusopplærar og organist.

Lina Håland er oppvaksen på ein gard i Julebygda i Sandnes. Ho har tre eldre sysken. Lina starta si teologiske utdanning på Misjonshøgskulen i Stavanger, har vore student i USA, bibelskule i Danmark. Ho har vore sterkt tilknytt barnearbeid i Umbred i India der mor hennar driv ein barneheim.

Mange kjenner Lina Håland frå korarbeid og solosong. Koret hennar, Abraham, har vore i Kvinnherad og Uskedalen fleire gonger. Lina Håland har vore ein godt likt prest i Uskedalen. Når ho no sluttar og flyttar til Sandnes, er det mange som vil sakna henne, med sin uformelle veremåte, gode humør og klare bodskap.

I opningsintervjuet i Kyrkjelydsbladet april 2014 vart ho spurt kva ho brann for. Ho svara: **At folk skal få møta Jesus på ein god måte, slik eg sjølv har møtt han. Og at kyrkja må vera ein god plass å koma.**

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal